



Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Uttale - Alver - 138/21 - Tveiten øvre – dispensasjon frå rekkjefølgjekrav

Vi viser til brev frå kommunen datert 12.01.2021. Kommunen opplyser at saka gjeld søknad om dispensasjon i frå gjeldande reguleringsplan for Tveiten G.nr. 138 B.nr.11 plan-id 1263-22112006. Prosjektet er i slutfasen og det er søkt om og gjeve løyve til mellombels bruksløyve for heile prosjektet. Ved søknad om ferdigattest vart det avdekka avvik på tilkomstvegen både i breidda og siste del av vegen fram til kryss inn på offentleg veg som ikkje er fullført. Det søkjast no om dispensasjon i frå gjeldande reguleringsplan frå desse krava.

Statsforvaltaren si vurdering

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak det føresegna det dispenserast frå og plan- og bygningslova sine formål, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. pbl. § 19-2 andre ledd.

Kor stort avviket frå gjeldande reguleringsplan er, kjem ikkje klart fram i oversendingsbrevet. Slik vi forstår søknaden er det snakk at ei strekning på om lag 50 meter der det er søkt om å sleppe å byggje forttau. I tillegg er utbetring av tilkomstvegen bygget smalare enn reguleringsplanen legg opp til. Vi kan ikkje sjå at det er opplyst kor mykje smalare.

Omsynet bak rekkjefølgjekrav om tilkomstveg og forttau, er mellom anna knytt til trafikktryggleik. Statsforvaltaren er særleg uroa over at ein ikkje skal ferdigstille forttau i samsvar med reguleringsplanen. Vi viser til risiko- og sårbarheitsanalysen i planarbeidet for garveritomta, der det er vurdert at skulevegen langs Kyrkjevegen er farleg.

Trafikkfare http://www.vegvesen.no				
45	Trafikkulykker på veg	3.2 - 6	1.3 - 3	Trafikkulukker på vegar kan svekke infrastrukturen i planområdet for kortare periodar, føre til materielle skadar og skade/tap av menneskeliv. Kyrkjevegen har fartsgrense på 50 km/t. Skulevegen langs Kyrkjevegen er i dag farleg og skal utbetrast med forgjengerfelt som ein følge av planen.



Vi viser til at reguleringsplanen har vore igjennom ei omfattande prosess med brei medverknad, det skal ikkje vere enkelt å fråvike gjeldande plan. Trygg skuleveg var eit tema i planarbeidet og det var vurdert at det var naudsynt å opparbeide fortau.

Statsforvaltaren er uroa for at barn og unge skal få ein mindre trygg skuleveg om det vert gjeve dispensasjon frå rekkjefølgjekrav om opparbeiding av fortau i denne saka. Om kommunen vurderer å gje dispensasjon må det først gjerast ei grundig vurdering av trafikktryggleik ved ny løysing. Vi meiner ny løysing ikkje kan gi eit dårlegare tilbod for barn og unge.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest	Postboks 43	6861	LEIKANGER
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN